



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 13.01.2015
Møtestad: Einekavane / Matre
Møtetid: 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordfører	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Marit Steinestø	Krf	Varaordfører
Egil Kvingedal	V	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft
og konsulent Maud Sleire Holmaas

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2015	Godkjenning av møtebok
003/2015	1. gangs framlegg til reguleringsplan for Hosteland
004/2015	Avtale om overtaking av infrastruktur på Duesundøy
005/2015	Melding om politisk vedtak - søknad om dispensasjon - oppføring av gjestehytte, Raunøy
006/2015	Nordhordlandspakken - uttale til fylkestinget vedtak i sak 90/2014
007/2015	Feilregistrering
008/2015	Referatsak
009/2015	Kjøp av kommunal leigebil
010/2015	Høyring ny postlov
011/2015	Masfjorden kyrkjelege fellesråd - søknad om utvida låneramme
012/2015	Søknad om tilskot frå Kraftfondet
013/2015	Søknad om tilskot til oppkøyring av skiløyper i Stordalen
014/2015	Søknad om utvida skjenkeløyve for Sandneskafeen
015/2015	Kommunereform - ny kommunestruktur

001/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 001/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 002/2015 VEDTAK:

Møtebok frå formannskapet 02.12.14 vert godkjend.

003/2015: 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Hosteland

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til områdeplan for sentrumsområdet på Hosteland vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentlig ettersyn.

Forhandlingar om kjøp av areal til forretningsføremål i område KBA1 og KBA2 med tilstøytande areal til fortau, vegutbetring m.v. vert starta opp.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Etter drøftingar kom formannskapet fram til ei endring av vedtaket:

Framlegg til områdeplan datert 06.01.15 for sentrumsområdet på Hosteland vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentlig ettersyn.

Forhandlingar om kjøp av areal til forretningsføremål i område KBA1 og KBA2 med tilstøytande areal til fortau, vegutbetring m.v. vert starta opp.

Røysing:

Framlegg frå rådmannen med endring frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - 003/2015 VEDTAK:

Framlegg til områdeplan datert 06.01.15 for sentrumsområdet på Hosteland vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentlig ettersyn.

Forhandlingar om kjøp av areal til forretningsføremål i område KBA1 og KBA2 med tilstøytande areal til fortau, vegutbetring m.v. vert starta opp.

004/2015: Avtale om overtaking av infrastruktur på Duesundøy

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner avtale med Odin Utbygging A/S om overtaking av infrastruktur på Duesundøy

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 004/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner avtale med Odin Utbygging A/S om overtaking av infrastruktur på Duesundøy

005/2015: Melding om politisk vedtak - søknad om dispensasjon - oppføring av gjestehytte, Raunøy

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved formannskap viser til § 19-2, 19-4 i plan – og bygningslova og tar ikkje klage på politisk vedtak til følgje, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av gjestehytte, gnr 15 bnr 1, Raunøy.

Grunngjeving: Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av gjestehytte.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 005/2015 VEDTAK:

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved formannskap viser til § 19-2, 19-4 i plan – og bygningslova og tar ikkje klage på politisk vedtak til følgje, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av gjestehytte, gnr 15 bnr 1, Raunøy.

Grunngjeving: Det er ikkje kome inn nye moment i saka som talar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av gjestehytte.

006/2015: Nordhordlandspakken - uttale til fylkestinget vedtak i sak 90/2014

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 006/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

007/2015: Delegert sak

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Oversyn delegerte saker:

Søknad om utvida skjenkeløyve for arrangement på Sandneskafeen

FS - 007/2015 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

008/2015: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Oversyn referatsaker:

Oversendelse av klager frå Austrheim kommune og Masfjorden kommune på tillatelse til mottak, behandling og deponering av radioaktivt avfall ved Wergeland-Halsvik AS.

Orienteringssaker:

- Status vedk. søknad om kommunal medfinansiering idrettsanlegg Matre – og framdrift
- Kraftspela 2015 – status
- Prosjekt lokalsamfunnsutvikling – 3 årig prosjekt 1.2.2012 – 31.01.2015 – HFK
- Stordalsvegen
- Avtale konsesjonskraft BKK – oppfølging møte BKK 8.12.2014
- Organisering av personalfunksjonen
- Høyringsnotat KS strategimøte – mellomoppgjer
- Støtte til uttale MKF vedk. omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti
- Justeringa i møteplan 2015, primært valstyre

Dette skjedde i møte:

- Status vedk. søknad om kommunal medfinansiering idrettsanlegg Matre – og framdrift
 - Status etter møte 5.jan
 - Oppdaterte kostnader og finansoversyn
 - Akspet på bestilling med forbehold om kommunal godkjenning 19.2.
 - Sak 19.2. med kommunal støtte, kommunal eigenfinansiering, risiko
- Kraftspela 2015 – status – møte 16.jan – avklaring private aktørar?
- Prosjekt lokalsamfunnsutvikling – 3 årig prosjekt 1.2.2012 – 31.01.2015 – litt uklart om prosjektet vart forlenga av HFK, men no stadfesta til 3 årig 2012-14
- Stordalsvegen – fullføre 1.delprosjekt før ein går vidare med vurdering av ytterlegare tiltak, godkjenne veg og utbetale midlar jf. fs vedtak
- Avtale konsesjonskraft BKK – oppfølging av saka med møte BKK 8.12.2014 – førebels ingen avklaring/nytt avtaleutkast
- Organisering av personalfunksjonen – formannskapet sluttar seg til rådmannen si løysing, og at hovudansvar vert lagt til økonomi- og personalsjef Kristian Moen
- Høyringsnotat KS strategimøte – mellomoppgjer – formannskapet ønskjer ut notatet, og vurderer å gje uttale/handsama den i samband med ekstra Kommunestyremøte 22.jan.

- Formannskapet slutta seg til å gje støtte uttale til sokneråda i kommunen sine uttalar vedk. omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti – jf. m.a. utkast pr. e-post
- Orientering om status fiberbrot med rep. av kabel og stemming Erko-seafood.
- Formannskapet støttar uttale som styre i Einekavane vedk. førespurnad regionrådet

Vedtak frå styremøte i Einekavane AS: Samarbeid med NAV - **Vedtak:** Einekavane er 100% kommunalt aksjeselskap. Drifta går bra og selskapet har ordna økonomi. Har eit godt samarbeid med NAV. Har 8 VTA plassar. Nav står for 20-25% av inntektene. Etter ei samla vurdering for selskapet og brukarane, meiner ein at ein har best tent med å vere eige selskap.

Spørsmål/innspel til ordførar/rådmann:

Egil Kvingedal stilte spørsmål om brev sendt til drosjeeigarar, heimestjenesta og andre frå Masfjorden kommune. "Kriterier for brøyting av kommunale vegar". Kvingedal har fått tilbakemeldingar på dårlig brøyting av kommunale vegar i Nordbygda og ber derfor kommunen sjå kva ein betaler for og kva som faktisk vert utført av brøyting/strøing.

Egil Kvingedal er bekymra for konsekvensane etter lakserømminga ved oppdrettsanlegga i fjorden og ber kommunen ta dette opp med fylkesmannen og fylkeskommunen som er konsesjonsgivar. Iflg kommuneplanen meiner Kvingedal at oppdrettsanlegget på Leirvika er plassert utanfor konsesjonsområdet, og vil vidare be om at administrasjonen tek dette opp med regionsavdelinga på fylkeskommunen.

FS - 008/2015 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

009/2015: Kjøp av kommunal leigebil

Rådmannen sitt framlegg:

**Kommunen kjøper bil som er tilpassa for rullestol, som pleie og omsorgstenestene skal disponere.
Kommunal bil blir finansiert gjennom avsette fondsmidler i 2013.**

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet ynskjer ei grundigare utgreiing av saka.

FS - 009/2015 VEDTAK:

Saka vert utsett til det ligg føre ei grundigare saksutgreiing.

010/2015: Høyring ny postlov

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune meiner at ei ny postlov ikkje må svekka tilbodet til innbyggjarane og næringslivet i distrikta, og meiner det er viktig at innbyggjarane i heile landet får eit tilnærma likt posttilbod til same kostnad uansett kvar ein bur.

- Laurdagsombering av post må framleis vera ei leveringspliktig teneste.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 010/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune meiner at ei ny postlov ikkje må svekka tilbodet til innbyggjarane og næringslivet i distrikta, og meiner det er viktig at innbyggjarane i heile landet får eit tilnærma likt posttilbod til same kostnad uansett kvar ein bur.

- **Laurdagsombering av post må framleis vera ei leveringspliktig teneste**

011/2015: Masfjorden kyrkjelege fellesråd - søknad om utvida låneramme

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kyrkjelege fellesråd får utvida låneramme med 600.000

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 011/2015 VEDTAK:

Masfjorden kyrkjelege fellesråd får utvida låneramme med 600.000

012/2015: Søknad om tilskot frå Kraftfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål, slik at det i denne omgang ikkje vert løyvd midlar til prosjektet.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune er positiv til planane om bustadføremål Haugsvær, og har etablert støtteordning når prosjekt vert realisert.

Røysting:

Framlegg frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - 012/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune er positiv til planane om bustadføremål Haugsvær, og har etablert støtteordning når prosjekt vert realisert.

013/2015: Søknad om tilskot til oppkøyring av skiløyper i Stordalen

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune gjev tilskot på kr. 10.000,- som omsøkt, under føresetnad at dei andre partane som det er søkt om støtte og går inn med omsøkt medfinansiering. Midlane vert løyvd over disposisjonsfondet.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 013/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune gjev tilskot på kr. 10.000,- som omsøkt, under føresetnad at dei andre partane som det er søkt om støtte og går inn med omsøkt medfinansiering. Midlane vert løyvd over disposisjonsfondet.

014/2015: Søknad om utvida skjenkeløyve for Sandneskafeen

Rådmannen sitt framlegg:

1. Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes får ikkje tildelt utvida alminneleg serveringsløyve laurdag og søndag frå kl. 01.00 – kl. 02.00 slik det er søkt om for inneverade periode.
2. Eksisterande skjenkeløyve for alkohol under 22% (øl og vin) vert oppretthalde frå kl. 13.00 til 01.00 alle dagar.

Heimel

Alkohollova med forskrifter, Alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2012 – 2016

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Ap, H, og V la fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes får tildelt utvida alminneleg serveringsløyve laurdag og søndag frå kl. 01.00 – kl. 02.00 slik det er søkt om for inneverade periode.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen og framlegg frå Ap, H og V vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegget til Ap, H og V vart vedteke mot 1 røyst (Krf)

FS - 014/2015 VEDTAK:

Johansens servering og catering v/Torfinn Johansen, 5981 Masfjordnes får tildelt utvida alminneleg serveringsløyve laurdag og søndag frå kl. 01.00 – kl. 02.00 slik det er søkt om for inneverade periode.

015/2015: Kommunereform - ny kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

1. Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interessert i dette.
2. Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.
3. Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.
4. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.

13.01.2015 FORMANNSKAPET

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 015/2015 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interessert i dette.**
2. **Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.**
3. **Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.**
4. **Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.**

Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 13.01.15 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Marit Steinestø
varaordfører